# *ØYGARDEN NERE*

*Av John Amundgaard, april 1984, «Nedlagde og/eller fråflytta bruk i Ottadalsgrend Sel grense – Rinda»*

*Bruket Ner-Øygarden var det største tå desse tri brukom (Ner-Øygarden, Mitti-Øygarden og Øvre Øygarden) ved Selsgrensa. Her har ein ikkje kunna funne ut korkje kven som fyrst busette seg eller kven som budde her til slutt. Det har vore nemnt at folket herfrå kanskje flytte åt Håmårslykjun på Lalm, eller om Hans Sørlien (1840) g.m. Kjersti Gurilykjun, var kome frå her. Ner-Øygarden høyrer nå til Søre Sørlien, eigar Olav Sørlie.*